

KOMMISJONSVEDTAK

2002/EØS/47/15

av 7. mai 2001

om endring av vedtak 98/483/EF om fastsettning av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til oppvaskmaskiner (*)

[meldt under nummeret K(2001) 1187]

(2001/397/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1980/2000 av 17. juli om ei revidert fellesskapsordning for tildeling av miljømerke⁽¹⁾, særleg artikkel 3, 4 og 6, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I artikkel 3 i forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at miljømerket kan tildelast eit produkt som har eigenskapar som gjer at det medverkar til ei monaleg betring av dei viktigaste miljøfaktorane.
- 2) I artikkel 4 i forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at det skal fastsetjast særlege kriterium for tildeling av miljømerke for kvar produktgruppe.
- 3) I artikkel 4 i forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at både kriteria for tildeling av miljømerke og krava med omsyn til vurdering og kontroll i samband med kriteria skal vurderast på nytt i god tid før slutten av det tidsrommet som dei kriteria som er spesifiserte for kvar produktgruppe, gjeld for, og vurderinga skal føre til eit framlegg om lenging, tilbakekalling eller revisjon.
- 4) Kommisjonen har ved vedtak 98/483/EF⁽²⁾ fastsett miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til oppvaskmaskiner, som etter artikkel 3 i det nemnde vedtaket skal gjelde fram til 31. juli 2001.
- 5) Fellesskapsmiljømerket er vorte tildelt eitt produkt i denne produktgruppa.

6) Tidsrommet som definisjonen av produktgruppa og miljøkriteria skal gjelde for, bør lengjast utan endringar med 18 månader.

7) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er vortne utarbeidde og vedtekne i samsvar med den framgangsmåten for fastsettning av kriterium for tildeling av miljømerke som er fastsett i artikkel 6 i forordning (EF) nr. 1980/2000.

8) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt ved artikkel 17 i forordning (EF) nr. 1980/2000 —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Artikkel 3 i vedtak 98/483/EF skal lyde:

«Definisjonen av og kriteria for produktgruppa skal gjelde frå 1. august 1998 til 31. januar 2003.»

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 7. mai 2001.

For Kommisjonen

Margot WALLSTRÖM

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakta, kunngjord i TEF L 139 av 23.5.2001, s. 21, er nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 7/2002 av 1. februar 2002 om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø), sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fellesskapa nr. 18 av 4.4.2002, s. 9.

⁽¹⁾ TEF L 237 av 21.9.2000, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 216 av 4.8.1998, s. 12.